

## Saksprotokoll

---

**Organ:** **Fellesnemnda sitt arbeidsutval**

**Møtedato:** 15.06.2018

---

**Sak nr.:** 18/520-6  
**Internt I.nr.** 32325/18

**Sak:** 16/18

**Tittel:** **Ymse**

**Behandling:**

**Orienteringar:**

Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune – open innspelsprosess, brei involvering og oversyn over inkomne idear/forslag. Korleis vert det vidare arbeidet lagt opp? Ved Per Morten Ekerhovd, fylkesdirektør for kultur og idrett, Hordaland fylkeskommune.

Sogn og Fjordane sine alternativ til det å etablere eit fond, jf. Intensjonsplanen sitt punkt 7. Orientering om pågående prosessar. Ved advokatane Ulf Larsen og Per Andreas Bjørgan, Lund & co.

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slikt oversendingsforslag:

«AU i Fellesnemnda oppmodar prosjektleiar om å leggje til rette for oppstart av ein prosess, for samordning mellom ungdommens fylkesutval i dei 2 fylka.»

**Røysting**

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

AU i Fellesnemnda oppmodar prosjektleiar om å leggje til rette for oppstart av ein prosess, for samordning mellom ungdommens fylkesutval i dei 2 fylka.